



Haustetidsvurderingar for Nordfjord 29. august 2022

I samarbeid med Innvik Fruktlager vil NLR Vest også i år ta ut haustetidsprøvar i eple. Prøvane blir tekne ut på måndagar og haustetidsvurderingane blir sendt ut påfølgjande tysdag.

Måndag 29. august er det teke ut haustetidsprøvar av Discovery, Raud Prins og Summerred.

Merk at frukta i haustetidsprøvane er av dei best utvikla epla i hagane.

Alle sortar må haustast i fleire omgangar for å halde jamnast mogleg kvalitet på frukta som blir pakka og går ut i butikk. Følg utviklinga nøye i eigne hagar. NLR har jod til sals for dei som vil følgje med på stivenedbrytinga i epla. Ei flaske jod kostar kr 300. Heftet «Haustetid for kjernefrukt» har vi og eit restopplag av for medlemspris kr 100.

Når ein startar plukking må ein fyrst hauste dei best utvikla epla i toppen og i ytterkant av trea, og deretter gå over felta att etter kvart som kvaliteten aukar på mindre lyseksonerte eple.

Discovery

Optimalverdiar ved hausting;

Grunnfarge: C3-C4

Dekkfarge: 30 %

Fastleik: 7-8 kg/cm²

Sukkerinnhald: min. 10,8 %

Stiveinnhald: 6-8

Streifindeks: 0,09-0,16


Dyrkar	K O Loen	K Kleppe	M Andenes	J Slagstad
Adresse	Loen	Innvik	Sandane	Sandane
Prøve nr	1	2	3	4
Dato	29.08.2022	29.08.2022	29.08.2022	29.08.2022
Fruktvekt (g)	150	165	153	154
Avlingsnivå	3	2-3	3	2-3
Grunnfarge	C2-C3	C2-C3	C2-C3	C2-C3
Fastleik	8,1	8,2	8,6	8,4
Sukker	10,7	11,1	10,4	11,6
Stive	4,8	4,4	3,3	3,7
Streif	0,158	0,168	0,25	0,196




Prøve nr 1. Discovery, fargeutvikling og stiveinnhold



Både dekkfarge og grunnfarge er godt på veg, men bør få ei veke til med solskin før starthasting. **Starthasting over komande helg.**



Grunnfarge C2 t.v., C3 t.h.



Stivenedbryting med verdi 4,8, men epla har enno rikeleg stive att. Ved vidare stivenedbryting vil sukkerinnhaldet auke og epla få endå betre kvalitet.



Discovery prøve nr 2:

Manglar enno ein del utvikling av dekkfarge og grunnfarge. Sukkerinnhaldet er ganske høgt og frukta får god kvalitet ved starthausting ut i komande veke.

Discovery prøve nr 3:

Frukta har utvikla god dekkfarge, men manglar enno den kremgule grunnfargen. Det er framleis for mykje stive att i epla og sukkerinnhaldet vil auke betydeleg framover til haustestart ut i komande veke.

Discovery prøve nr 4:

Frukta er stor og har utvikla høgt sukkerinnhald. Enno mykje stive i epla som blir omdanna til sukker under frammodninga. Manglar enno grunnfarge og meir skinande raud dekkfarge. Starthausting ut i komane veke.

Raud Prins

Det er teke ut ei prøve av Raud Prins. Epla har utvikla god dekkfarge med raud farge rundt heile frukta. Epla er enno litt harde, men smaken av Raud Prins er godt på veg.

Starthausting rett i etterkant av Discovery

Raud Prins

Dyrkar	J Slagstad
Adresse	Sandane
Dato	29.08.2022
Fruktvekt (g)	107
Avling	2 - 3
Fastleik	8,6
Sukker	11,6
Stive	3,3
Streif	0,225



Summerred

Optimalverdiar ved hausting:

Grunnfarge: C3-C4

Dekkfarge: 50 %

Fastleik: 7-8 kg cm²

Sukker: min. 10,5 %

Stiveinnhald: 5-7

Streif-indeks: 0,09-0,11



Utvikling av dekkfarge er godt i gang på Summerred-prøva, men enno manglar både storleik, sukkerinnhald og grunnfarge. Nye prøvar vil seie meir om kor fort utviklinga går framover og kva tid haustinga kan ta til.

Summerred

Dyrkar	KO Loen
Adresse	Loen
Dato	29.08.2022
Fruktvekt (g)	158
Avlingsnivå	3
Grunnfarge	C 2
Fastleik	8,5
Sukker	11,1
Stive	3,3
Streif	0,233

Helsing NLR Vest

v/Synneve Øien Frøyen /Rune Vereide